# Tromssan ruijansuomalainen yhdistys - Norskfinsk forening i Tromsø

# Vuosikertomus 2014 – Årsberetning 2014

## Generelt

Verksemda i 2014 har for Norskfinsk foreining i Tromsø vore konsentrert om badstove og barneaktivitetar.

## Årsmøtet

Foreininga sitt årsmøte vart halde 2.4.2013 kl. 18.00, Kurantbygget (Ruijan Kaiku sine lokale), Søndre Tollbugt 17. På møtet vart det i tillegg til dei obligatoriske årsmøtesakene også diskutert arbeidet med historikken til foreininga for dei siste 15 åra.

## Årsmøtet valde følgjande styre:

### Leiar

Jørund Ek

### Styremedlemmer

Kirsti Kuosa, Trond Trosterud, Laura Jaakola, Minna Kuoppamäki Hansen, Ulla-Maija Ahokas, Hanna Kauko

### Varamedlemmer

Heini Rämä, Mirja Olsen

### Revisor

Ann-Helene Johansen

### Valkomité

Laura Mattila, Saana Heinänen

### 5 representantar til Kvenforbundets landsmøte

Kirsti Kuosa, Taija Tuominen, Heini Rämä, Laura Mattila

Styret sitt arbeid; Styret hadde 6 styremøte: 19.2, 23.4, 20.5, 11.9, 9.10, 6.11

## Medlemmer

Medlemstalet 31.12.2014 var på 194 (mot 205 året før). Det var medlemmer frå 81 husstandar: Vaksne 134, av dei 2 studentar og 1 pensjonist, og 48 barn.

### Foreiningas æresmedlemmer er:

Olavi Junttila, Olaf Jakobsen, Marjatta Norman, Rolf Pedersen, Odd Erik Hansen

Karin Trones Hansen, Liisa Koivulehto, Kirsti Kuosa, Trond Trosterud

## Dei tradisjonelle festane

### Valborgsaften

Valborgsaften vart feira 30.4. vi samla oss på tradisjonelt vis ved Tromsøs ”Havis Amanda”, dvs. Domkyrkjeparkens Mor og barn-statue, for å ta på oss studentluene våre. Årets tale vart halde av Trond Trosterud. Det norske mannskor av 1995 framførte Gaudeamus igitur, Till österland vill jag fara, og Tromsøsangen for oss.

Etterpå heldt festen fram på Skansen. På festen var vi 19 vaksne og 5 barn.

### St. Hansfeiringa

Vi feiret St. Hans med ein tradisjonell fest på badstova med spleiselag. Foreininga betalte badinga i badstova. Det er uvisst hvor mange som deltok.

### Sjølvstendigheitsdagen

Sjølvstandigheitsdagen starta på Rådhuset klokka 15.00, der Det norske Mannskor av 1995 og Tromsø akademiske kvinnekor hadde ein konserten Suomi soi! Det ble framført sanger fra Finland, med verk av Toivo Kuula, Selim Palmgren, Aulis Sallinen, og sjølvsagt Jean Sibelius (som har 150-årsjubileum i 2015). Konserten vart dirigert av Hanne Sofie Akselsen og Bjarne Isaksen. Klokka 17.00

hadde foreininga fest på Swingeriet i Storgata 104 i sentrum, med underhaldning av ei gruppe frå Tromsø akademiske kvinnekor, som sang m.a. Finlandia-hymna. Maten kom som i fjor frå Eide handel, det var koldtbord i hovudsak med sjømat. Kakene til kaffen bakte vi på dugnad.

Kveldens konferansier var Trond Trosterud, som også las helsinga frå Republikkens president til finnar i utlandet. Henna Sørensen og Sanna Filpus Øvervoll hadde for andre år på rad laga det vi alle håpar blir ein fast finsknorsk quiz-tradisjon. På festen var vi ca. 50 vaksne og 10 born.

To jenter frå Tromsø ishockeyklubb sitt A-lag serverte og tok hand om kjøkkenet.

I festkomiteen satt Sanna Filpus Øvrevoll, Saana Heinänen, Heini Rämä og ???.

## Badstova

Følgende personer jobbet aktivt i badstovegruppa: Jørund Ek, Cato Hansen, Ilkka Jaakola. Minna Kuoppamäki-Hansen tok ansvar for vedbestillingene på høsten.

Vi vedtok nye badstureglar, som var gjeldande frå 7.7. Forandringen av reglementet gjeldende reservering av badstua (nå er det mulig å skrive bare 1 reservering av gangen) har ført til en merkbar forbedring for nøkkeleinnehaverne sine muligheter til å ta badstue.

Badstovegruppa har arrangert mange dugnader, blant annet følgende:

24.4. 44 sekkar med ved, 16.6., 7.7., 7.8. 30 sekkar ved ble levert for individuell bæring frå vegen., 20.10. 70 sekkar

Kvinnebadstu 14.11

Badstuomnen vart øydelagt 29.4., det kom røyk inn. Jørund sørget for at den ble sveisa den i hop. Tromsø Båt og Byggstål gjorde en svärt god jobb! Badstua var i orden 7.5.

Nøklar: Kirsti Kuosa har hatt ansvaret for nøklane. Det er delt ut 65 nøklar etter nøkkelskiftet, og no er det bestilt 30 nye nøklar.

## Barneaktivitetar 2014

I barnearbeidsgruppa for 2014 satt Sanna Filpus Øvervoll, Laura Mattila og Heini Rämä.

Målet med foreininga sitt barnearbeid er å organisere trivelege aktivitetar og samvær for barnefamiliane i foreininga. Eit viktig poeng er at ungane skal få høve til å snakke finsk seg i mellom.

Foreininga er eigar av ein stor lavvo, og ein trefoting med grillrist, gryte og kaffikjele, begge kjøpt inn for å bruke til barneaktivitetar. Sakene blir oppbevart i kjellaren til Heini og Teppo Rämä, men alle foreiningas medlemmer kan låne dei til foreiningsaktivitetar.

I 2014 hadde foreininga arrangement for barnefamiliar berre to gonger. Barnefamiliane i foreininga møttest likevel både uformelt, og i samband med andre foreiningsaktiviteter, slik at foreininga fungerer som eit viktig samband mellom både barna og barnefamiliane.

9.4.2014 Det tradisjonelle påsketreffet med eggejakt på Tromsdalen videregående skole, Marsvegen 13. På programmet stod m.a. ei spennande sjokolade-eggejakt, og byttetorg. Barnebøker, barneklede, finske bøker og blad fann nye eigarar. Ansvarleg for arrangementet var Sanna Øvervoll. Fleire ungar og vaksne møtte opp.

14.12 Barnas joletrefest på Håkøya bygdehus. På joletrefesten vart det sunge tradisjonelle barnesongar, drukke gløgg og ete peparkaker. Den stemningsfulle kvelden ved bålet vart krona av julenissen si vitjing. Alle ungane fekk ei lita gåve av nissen. Ansvarlege for arrangementet var Heini og Teppo Rämä og Taija og Matti Blence. Til stades var 7 born og 7 vaksne.

## Onsdagstreff

Foreininga sine medlemmer har høve til å samlast på Pastafabrikken eller tilsvarande den første onsdagen kvar månad.

Treffa vart arrangert 1.10 på Egon, 5.11. på Steakers, 4.2. på Pastafabrikken,

Vi har stort sett vore 10-20 som har ete i lag.

## Representasjon og samarbeid

Foreininga var representert på NKF sitt landsmøte i Tromsø, 5.-6. april, ved Kirsti Kuosa og Taija Tuominen. Anna-Kaisa Räisänen heldt føredrag om språkleg revitalisering og presenterte resultater fra forskningesprosjektet Eldia om situasjonen for kvensk.

## Økonomi

Ved årsstart hadde foreininga 26477,97 kr på konto, og ved årsslutt var det 34866,75 kr. Overskotet var altså 8388,78 kr.

Badstova: Badstova går i år med ca. 7500 kr i overskot (38000 kr inn og 30500 kr ut), og i tillegg kom det inn 1750,- i nøkkelavgift. I år var det ingen store vedlikehaldsutlegg på badstova.

Tilskot: Norske Kveners Forbund har som i fjor gjeve oss verksemdsstønad på 3000 kr. I tillegg fekk vi 7350 kr frå NKF etter medlemstall.

Historikk: Frå Suomi-Seura r.y. har vi 18.10.13 fått 1000 € til trykking av historikken vår, og 16.4.13. 700 € til same formål.